



# Åseral kommune

EINING FOR SERVICE REISELIV OG KULTUR

## Melding om vedtak

Det kgl. finansdepartement  
postmottak@fin.dep.no

DYKKAR REF:	VÅR REF:	SAKSHANDSAMAR:	ARKIVKODE:	DATO:
	2112/2015 - 2015/137	Janne Thorsland Elvenes		30.03.2015

### HØYRINGSUTTALE - FORSLAG TIL NY SKATTEFORVALTNINGSLOV

Vedlagt følger særutskrift av saka som vart handsama i Åseral kommunestyre i møte 26. mars 2015, sak 15/9.

Med helsing

Janne Thorsland Elvenes

Kopi sendt til:  
Svein Ove Nepstad

## HØYRINGSUTTALE - FORSLAG TIL NY SKATTEFORVALTNINGSLOV

ARKIVKODE:	SAKSNR.:	SAKSHANDSAMAR:	SIGN.:
	2015/137	Svein Ove Nepstad	

Vedlegg:

- 1 Høyringsuttale frå Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar (LVK) – Forslag til ny skatteforvaltningslov.

### **Bakgrunn:**

Det vert vist til Finansdepartementet sitt høyringsbrev og høyringsnotat av 21 november 2014 om ny skatteforvaltningslov. Høyringsfrist var 2. mars 2014. Sjølv om høyringsfristen er gjenge ut vil kommunen sende ein høyringsuttale til departementet og seie i frå om at kommunen er ueinig i lovforslaget.

Departementet presiserer at forslaget om å avgrense kommunane sin søksmålskompetanse ikkje skal gjelde for eigedomsskatt, forslaget forutsett mao bare å gjelde for likningsmyndighetane si skattefastsetting.

### **Vurdering:**

Slik LVK har sett det, har departementet i forslaget til lovtekst oversett at eigedomsskattegrunnlaga for kraftanlegg blir fastsett av likningsmyndighetane (Sentralskattekontoret for Storbedrifter - SFS). Sjølv om det truleg ikkje er tilsikta, vil forslaget slik det er sendt ut på høyring, ramme kommunane sin søksmålsgang mot SFS si fastsetting av eigedomsskattgrunnlaga.

LVK er også i sitt høyringsnotat kritisk til departementet sitt forslag. LVK er også kritisk til enkelte andre forhold ved forslaget.

Det er viktig for ein kommune med inntekter frå kraftanlegg at det ikkje blir avgrensing i kommunen sin søksmålsgang for eigedomsskattegrunnlag for kraftanlegg.

Refererer fyljande frå LVK sin høyringsuttale:

*«Det er særleg departementets forslag om å begrense kommunenes søksmålsgang LVK er ueinig i. Eiendomsskatten er en frivillig kommunal skatteart, og kommunene er skattekreditor for denne skatten alene. Departementet synes å ha oversett at eiendomsskattegrunnlaget for kraftanlegg fastsettes av ligningsmyndighetene, når departementet foreslår å begrense kommunenes søksmålsgang mot ligningsavgjørelser. At kommunene skulle ha søksmålskompetanse når verdsettelsen av kraftanlegg som det eneste skatteobjektet ble overført til statlige ligningsmyndigheter var en eksplisitt forutsetning da Stortinget vedtok kraftskattereformen i 1999, og med virkning for eiendomsskatten i 2001.»*

**Framlegg til uttale:**

*Åseral kommune er imot forslaget om å avgrense kommunane sin søksmålsadgang for eidegdomsskattetaksering av kraftanlegg.*

*Kommunestyret i Åseral slutter seg til LVK sin høyringsuttale.*

**Saksprotokoll i Kommunestyret - 26.03.2015**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Uttale:**

*Åseral kommune er imot forslaget om å avgrense kommunane sin søksmålsadgang for eidegdomsskattetaksering av kraftanlegg.*

*Kommunestyret i Åseral slutter seg til LVK sin høyringsuttale.*